

Retningslinjer for tildeling av kommunale kulturtilskot i Voss kommune

1. GENERELT

Friviljuge lag og organisasjonar er ein viktig ressurs for Voss kommune i arbeidet med å nå overordna visjon: **Voss – bygd for sterke opplevingar.**

2. TILSKOT TIL KULTURFØREMÅL SKAL HA SOM MÅLSETJING:

- Å styrkja og kvalitetsutvikla den allsidige kulturelle aktiviteten ut ifrå eigne føresetnader og interesser.
- Å styrkja fellesskap, livskvalitet og folkehelsa i lokalmiljøet.
- Å stimulera til utvikling av nye idèar, samarbeid og eit aktivt og mangfaldig kulturliv i lokalmiljøet.
- Å gje alle høve til å oppleva kunst og kulturverdiar skapt av andre: profesjonelle – og ikkje-profesjonelle.

Aktivitetar og samarbeidsprosjekt som rettar seg mot og/ eller inkluderer born og unge, eldre, funksjonshemma og flyktningar/ innvandraran i friviljuge lag og organisasjonar vil verta prioritert ved tildeling av kulturmidlane.

Stønad av kulturmidlane kan ytast både til vanleg lagsdrift og som tilskot til prosjekt. Til vanleg skal ikkje kommunale kulturmidlar kunna nyttast som stønad til ordinær kommunal verksemd med eigne drifts- og investeringsbudsjett.

3. KOMMUNAL STØTTE TIL FRIVILJUGE LAG OG ORGANISASJONAR VERT TILDELT INNAN PROGRAMOMRÅDA:

- Idrett og folkehelse
- Kulturvern og samlingar
- Kunstformidling og musikk
- Born og unge
- Andre kulturaktivitetar

4. FOR Å HA RETT TIL TILSKOT MÅ DEI FRIVILJUGE LAG OG ORGANISASJONAR INNFRI FYLGJANDE KRAV:

- ha ein viss kontinuitet i si kulturverksemd
- at eit kvart tiltak/ arrangement i utgangspunktet er ope for alle
- driva utadretta og aktivitetsfremjande kulturarbeid eller ha tilsvarande kulturtiltak på sitt program
- dokumentera ikkje-kommersialitet i form av vedtekter
- innlevera kvalifisert søknad innan gjeldande tidsfristar.

5. ØKONOMISKE RAMMER OG DISPONERING:

- Profilen i fordelinga av ressursar til kulturføremål vert kvart år fastsett gjennom Kommunestyret sitt budsjettvedtak.
- MKU kan omfordela vedtekne budsjettpostar innafor gjeldande budsjettreglement.
- MKU vedtek fordelinga av stønad til ulike kulturføremål innfor kvar enkelt budsjettpost.

01.11.2012/ Gunnhild Utkvitne